

# Det gror godt i hestesporten

Sju ekvipasjar frå Volda rideklubb stilte denne helga til start i ulike klasser på eit distriktsstemne i dressurriding på Nordfjordeid.

Det er sjeldan kost med heile sju ekvipasjar som er ute og representerer Volda rideklubb på eit og same stemne. Klubben hadde denne helga fleire debutantar som deltok på sitt fyrste distriktsstemne, og fleire som klatra i klassene med gode resultat. Anna Marie Mork og Benedicte Inderhaug Aambø debuterte på distriktsnivå (LC), medan Randi Maud Mork og Sunniva Bøkestad debuterte i LA. Stemnet samla mange deltakarar frå både Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

## Nøgde debutantar

Anna Marie Mork (13) syntest det var både gøy og spennande å debutere på eit så stort stemne med fjordhesten Løkki, som ho har hatt sidan desember. Ekvipasjen reid godt over godkjent begge dagar, og er no kvalifisert til å ri opne dressurklasser i LC på Fjordhest NM til sommaren. NM er det store målet for sesongen. Systema Randi Maud Mork (17) har fleire år som konkurranseryttar bak seg. Ho nådde denne helga målet om å klatre eit nivå opp i klassene, til LA.

– Det var litt skummelt, men veldig gøy, slår ho fast. Ekvipasjen gjorde ein fin innsats i debuten, og klarte 55,2 prosent, trass i at ho gløymde programmet ved eit høve.

## Frå LC til LA på ein sesong

Sunniva Bøkestad stilte til start med to hestar i helga, med gode resultat. Ho tok ein fin 1.-plass i LB laurdag, med hesten Tommy Z, som ho har hatt sidan i fjor



\* Anna Marie Mork (13) er godt nøgd med sin debut i LC på distriktsnivå. (Foto: privat)

sommer. Søndag debuterte ekvipasjen i LA, og oppnådde nesten 60 prosent.

– Eg er veldig nøgd med helga. Dette var Tommy sitt fyrste D-stemne i dressur, og det gjekk kjempebra med oss, seier ho med eit smil, og legg til at ho har ridd opp hesten frå LC til LANivå sidan i fjor haust. Dei lokale

ekvipasjane vert nok å sjå på fleire stemner i nærområdet framover våren, før det er duka for distriktsstemne på heimebane i juni.

## Styret i VRK

\* Rutinerte Pokemann tok 1.-plass i LA søndag. (Foto: privat)



## Resultat for deltakarane frå VRK:

### Laurdag:

#### LC1

11. Anna Marie Mork – Løkki 56,9 %

16. Benedicte Inderhaug Aambø – Dark Sunshine 46,0 %

#### LB4

1. Sunniva Bøkestad – Tommy Z 64,8 %

6. Randi Maud Mork – Bakkens Odin 60,3 %

11. Sunniva Bøkestad – Williams Bob 57,4 %

#### LA0

3. Liv Jorunn Nyhagen – Pokemann 59,5 %

### Søndag

#### LC3

8. Anna Marie Mork – Løkki 57,6 %

#### LB4

6. Sunniva Bøkestad – Williams Bob 59,2 %


8. Tirill Alnes – Lille Ulrik 51,1 %

#### LA1

1. Liv Jorunn Nyhagen – Pokemann 63,5 %

5. Sunniva Bøkestad – Tommy Z 59,2 %

6. Randi Maud Mork – Bakkens Odin 55,2 %



\* Sunniva Bøkestad tok 1.-plass i LB laurdag, med hesten Tommy Z. (Foto: privat)

## Purrar på tilbakemelding

Det lokale El-tilsynet har ikkje teke imot tilbakemelding frå Volda kommune knytt til utbetring av tidlegare påvist avvik ved Hamna dagsenter. No purrar dei på svar.

– Er avvika utbetra må vi verte underretta om dette. Dersom påviste avvik ikkje er utbetra innan fire veker, vil vi vurdere å be om bistand frå Direktoratet for

samfunnsikkerhet og beredskap. Vi vil då be om at det vert vurdert om det skal setjast i verk sanksjonar, skriv Mørenett i brevet til kommunen. Avviket som tidlegare vart avdekt var knytt til internkontroll.

– Verksemda manglar dokumentasjon på ansvar/organisering på HMS-systemet (elektro) og manglar dokumentasjon på eigenkontroll/rutinar som går mot det elektriske anlegget/apparat og liknande, heiter det i meldinga.

## Klagar på forureining

Plan- og miljøkonsulent Lars Løkeland Slåke i Volda kommune har skrive brev til ein grunneigar i Volda og kravd opprydding på eigedommen.

– Volda kommune har vorte gjort merksam på ei samling av material og trevirke på eigedommen dykkar. Difor tok underteikna seg ei runde for å undersøkje staden nærare. Avfallet samla på staden er klassifisert som forureining, då det er tilførsel av fast stoff på staden som er eller kan vere til skade eller ulempe for miljøet. Om avfallet vert brent vil det forureine lufta og difor vere i strid med plikta til å unngå forureining, forklarar Løkeland Slåke, og viser til at einaste løysing for å verte kvitt avfallet å frakte det til godkjent mottak.

– Oppbevaringa av avfallet er skjemmande, og det vert såleis bedt om at det vert rydda opp så raskt som råd, skriv Løkeland Slåke, og set frist for opprydding til 7. mai 2017. Etter fristen sitt utløp vil det verte utført ettersyn.

## Papirlause møter i Ørsta

Kommunestyret vedtok i møtet 15. desember 2011 å innføre papirlause møte med elektronisk innkalling og saksdokument, til kommunestyret, formannskapet, levekårsutvalet og samfunnsutvalet i løpet av 2012. Medlemmar i landbruksnemnda 2015 – 2019, har ytra ønskje om å få tildelt/låne Chromebook. To av dei fem medlemmane har det frå før, då dei er med i kommunestyret, så det var snakk om tre nye Chromebook. Dette fekk dei no.

Ørsta kommunestyre vedtok på førre møt, 9. mars, e å innføre papirlause møter, med elektronisk innkalling og saksdokument, for landbruksnemnda.